# venstrevind

nr. 1 1982

avisa til Norges kommunistiske studentforbund i Bergen


# SOLIDARITET MED POLEN

Etter en måned med beinhardt militærdiktatur, tanks og soldater mot arbeiderne, er motstanden ikke knust i Polen.Sjøl om Jaruzelski prøver å tvinge arbeiderne til lojalitet med regimet, er det lite i det Polske folkets historie som tyder på at dette vil lykkes. Arbeideropprørene mot fascistisk undertrykking og et udugelig system som ikke klarte å dekke folks daglige behov i 70 og 76 er gode eksempler på at folket ikke finner seg i det vanstyret det blir utsatt for.

Uansett er SOLIDARITET slått på politisk retrett og resultatet av 15 måneders kamp for demokratiske rettigheter er satt til side. Men det er mye som tyder på at SOLIDARITET var forberedt på untakstilstand, bortsett fra at den kom noe tidligere enn ventet. Det var utpekt hemmelige ledelser som skulle tre inn i alle ledd dersom de valgte lederne ble arrestert. Derfor lever organisasjonen fortsatt selv om forholdene er vanskelige og mulighetene til kommunikasjon er minimale. SOLIDARITETS-ledere utenfor polen sier at det ikke er aktuelt å danne noe eksil-SOLIDARITET, nettopp fordi organisasjonen eksisterer inne i landet. Unntakstilstanden kan ikke vare evig - en organisasjon med 11mill. medlemmer kan ikke uten videre strykes fra polsk historie. Den polske militærjuntaen strides nå om det er mulig å innføre "normale tilstander" i landet uten SOLIDARITET. Alt dette tyder på at kampen i Polen på ingen måte er avsluttet.

FORTS S. 2




AV INNHOLDET: POLEN, VG FÅR KONKURRANSE, AKSJON & ORGANISASJON I STUD.POLITIKKEN.

www.akp.no (2024)

# SOLIDARITET FORTS....

Utviklingen avhenger av mange ting, og ikke minst hvilken støtte SOLIDARITET får utenfra. Det spiller en stor positiv rolle at den katolske kirken stadig sterkere fordømmer militærstyret. Derimot har det negativ betydning at vestlige politikere og banker først og fremst er ute etter å sikre egne økonomiske interesser i øst, fremfor å stille anerkjennelse av SOLIDARITET som et absolutt krav for ytterligere kreditter. Det må legges press på de vestlige regjeringene om at det ikke må ytes noen form for kreditt til Polen uten at SOLIDARITET anerkjennes.

Aktiv støtte til motstandskampen i Polen er ikke bare en støtte til det polske folkets egen kamp for demokrati - det er også en støtte til kampen alle små land må føre for å frigjøre seg fra supermaktenes herredømme. På den måten blir motstandskampen i Polen en del av kampen for freden fordi den retter seg mot Jaruzelskis bakmann Sovjet.

M-l-bevegelsen har flere ganger kritisert fredsbevegelsen for å være for lite opptatt av å støtte direkte kampen som blir ført mot supermaktene, og underkjent den viktige betydningen det som skjer i land som Polen, Afghanistan, El Salvador har for verdensfreden. Bevegelsen har også undervurdert Sovjets rolle som verdens mest aggressive stat. Vi mener det som har skjedd i Polen nok en gang viser Sovjets aggressive karakter- der militæstyret og den åpne fascismen ble innført etter langvarige trusler, våpenrasling og økonomisk press fra Sovjet. Forsonlighet og manglende protester styrker Sovjets "rett" til å ture fram.

Hva må være Sovjets konklusjon to år etter invasjonen i Afghanistan?: Vesten protesterer, men aksepterer "realitetene". Skal vi akseptere de nye "realitetene i Polen? Eller skal vi på ny og på ny si ifra til de russiske lederne at vi ikke aksepterer deres aggresjonspolitikk. Vi støtter dem som kjemper mot deres overmakt.

Resten av venstresida i Norge har til dels vært altfor lunkne overfor en slik linje, og til dels angrepet den. I Danmark ser det ihvertfall ut som om en del krefter nå begynner å forstå:

En reportasje i den danske "INFORMATION" 14.des. hadde denne overskriften: "VS:Fredsbevegelsen skal støtte polsk Solidaritet."

(VS=venstresosialistene, lik deler av SV). I referatet fra VS-representantens tale ved en demonstrasjon heter det: "dem der maner til ro i Polen, vil samtidig gi makthaverne i Polen fred at fortsette undertrykkelsen."

Det er også gledelig at"Information" som har en høy stjerne hos norske venstreintellektuelle på lederplass flere ganger har kritisert vestens ettergivenhet ovenfor Sovjet. Her er avslutningen av en leder 28.12 under tittelen"Polen og Vesten": De siterer Czeslaw Milosz, polskfødt forfatter & nobelprisvinnner: "Det er en følelse af, at dette er en intern polsk affære, at det ikke har noget med vores liv at gøre. Men det påvirker vores liv, fordi det betegner endnu et trinn i den sovjetiske aggresjon." og avisa kommenterer: "Har Milosz rett må Vesten hvor nødigt den end vil - forberede sig på den historiske utvikling i Østeuropa. Derfor kunne man lige så godt først som sidst have givet makthaverne i Moskva og Warzawa en klar tilkendegivelse af det. Det har ikke været forsøgt, tvertimod, og det kan forlede Kreml til at drage den nogle meget ubehagelige og meget forkerte konklusioner av den lektie Polen har vært."

En god del humanitært støttearbeid foregår nå, og det er bra. Organisasjonen Norge-Polen er også aktiv rundt om - særlig i Fagbevegelsen. Vi syns det nå er på tide med aktivt solidaritetsarbeid også på Universtitetet. Vi studenter har til nå ligget etter i denne saken. Det blir nå tatt initiativ til å starte en solidaritetsgruppe på Universitetet. Denne bør få stor oppslutning!

Nå har SOLIDARITET-ledere i eksil oppfordret alle frie organisasjoner til å gjøre 30.januar til en internasjonal manifestasjon til støtte for SOLIDARITET. Vi vil da få sjansen til å vise hvor vår sympati og støtte ligger. La det bli en spore til den kampen de polske arbeiderne fører - og et utropstegn for Jaruzelski og hans bakmenn.

SOLIDARITET støtt Solidarnosc POSTGIRO 51 38 300 NORGE-POLEN

## AKSJONSDAG 30.JANUAR

# PROTESTÉR!

**La generalene i Warszawa høre din stemme**

www.akp.no (2024)

# skal Polen ofrast?

Dei vestlege reaksjonane på militærkuppet i Polen har, med eit par unntak vore svært milde. Høgremannen Willoch og sosialdemokraten Schmidt er samde om at det ikkje må gjerast noko som kan "komplisere" situasjonen. At folk blir tvungne til å jobbe med geværpipa i ryggen, at tusental blir sett i konsentrasjonsleir og fleire titals arbeidarar drepne, får berre fram ei mild"uro" hos desse herrane.

Unntaket - USA - reagerte først med ein viss styrke etter at presset frå polsk-amerikanske kretsar hadde blitt sterkt nok. Reagans sanksjonar er også mest til innvortes bruk i USA, dei råkar ikkje Sovjet særleg hardt.

## SOVJET BAK

Alle veit at Sovjet står bak kuppet, som i følge SOLIDARITET må ha vore planlagt i fleire månader. Herskaklikken i Polen er ikkje i stand til å ty til slike tiltak utan godkjenning frå Kreml.
Alt snakk om at dette er "eit indre polsk problem" skal bare tene til å legitimere dei vestlege leirane sine svake protestar.
For Sovjet er innblanda i Polen. Deira utbytting er røtene til den økonomiske krisa i Polen, SOLIDARITET sin framgang var eit trugsmål mot den russiske kontrollen. Med kuppet har Sovjet igjen sikra seg full politisk og økonomisk kontroll over Polen.

## DET MINSTE AV TO ONDE?

Dagbladet har vore eit av dei fremste talerøra for at kuppet var det minste av to onde, og at alternativet var ein sovjetisk invasjon. Derfor skulle det vere best for alle at polakkane roar seg, slik at ein unngår invasjon også for framtida.

For det første: Kuppet var nok det minste ondet, men for Sovjet! Ved å la polakkar slå ned polakkar, slepp Sovjet unna alle dei store problema ein invasjon ville føre med seg.

For det andre: Så fans det fleire utveger. Den mest tydelege var at regjeringa kom SOLIDARITET i møte og fekk til ein avtale. Dette ville truleg ført til ei raskare løysing på dei økonomiske problema enn tvangsarbeidet under unntakstilstanden vil gjere.
Når Dagbladet og andre i praksis godtar kuppet utfrå si "realpolitiske vurdering, er det eit framhald av linja frå før kuppet: Vesten må vere svært forsiktig med å støtte SOLIDARITET aktivt. M.a. har den altfor svake støtten frå vestelege fagrørsler, truleg gjort det lettere for dei russiske og polske leiarane å slå ned SOLIDARITET. Dei "politiske signala" tyda ikkje på nokon særleg sterk reaksjon.

Dagbladet gir også uttrykk for ein klassisk, imperialistisk tankegang: Verda er delt mellom Supermaktene, og det må dei små landa finne seg i. Å prøve å bryte ut av mønsteret er urealistisk og farleg. Derfor må polakkane halde seg i ro. Alle dei vakre talemåtene om nasjonane sin sjølråderett er gløymde.

Det er grunn til å minne om at nøyaktig samme slags reaksjonar la Spania i hendene på Franco i trettiåra. "Non-intervensjonspolitikken til dei demokratiske landa på den tida får sin reprise i dag.

## PRO-SOVJETISME

Ved sida av denne tankegangen er ein annan, meir pro-sovjetisk variant, vanleg i desse dagar. Den går ut på at Sovjet, sidan dei står i ei defensiv posisjon ansynes USA, må"få lov til" å forsvare seg. Overgrep mot andre land blir forklart (les:forsvart) med at Sovjet må få ha ein buffersone mellom seg og det aggressive Vest, ikkje minst fordi Bresjnev et al. har ein slik paranoid krigsangst!

Realiteten i denne argumentasjonen er at Sovjet får blankofullmakt til å drive sine aggressive aksjonar utan at nokon blandar seg inn. Dei siste åra har Sovjet starta flest krigar i verda (Afghanistan,Sør-Aust-Asia, Afrikas Horn), rusta opp i eit vanvittig tempo og m.a. tatt seg visse friheter i den svenske skjergarden med ubåtane sine. Det skulle vere heilt tydeleg at Sovjets aggressive karakter ikkje er fantasiar frå "fanatiske anti-kommunistar og maoistar".

## IKKJE SOSIALISME

Høgrefolk likar å framstille kuppet som det endelege nederlaget for sosialismen, og i Ny Tids variant er det nederlaget for kommunismen.
Men systemet i Polen har ingenting, korkje med sosialisme eller kommunisme å gjere. Økonomien er styrt etter kapitalistiske prinsipp, slik som kravet om maksimal profitt. I tillegg er landet offer for hard sovjetisk utbytting.

At den degenererte og stivna "statsreligionen"i Aust-Europa kallar seg marxisme og landa sosialistiske, betyr ingenting i denne samanhengen. Det er ikkje statsreligionen, men økonomien som avgjer samfunnssystemet.

## FULL STØTTE TIL SOLIDARITET

Motstanden mot kuppet er stor også i Noreg. Denne må ikkje døy ut. I dag er Afghanistan nesten gløymt, for ikkje å snakke om Tsjekkoslovakia. Det må ikkje skje med Polen.

Om Dagbladet og dei som "forstår" kuppet får bestemme, blir det ikkje noko solidaritetsarbeid å snakke om hos oss. Derfor : Få støtta til SOLIDARITET inn i organiserte former, i SOLIDARITET NORGE POLEN.
Alt i dag har denne organisasjonen kanaler som sikrer pengestøtte direkte inn til motstandskampen i Polen.

(ANNONSE) STUDENTSAMSKIPNADEN I BERGEN
HELSETENESTA OMFATTER: TRYGDEKASSEREFUSJON, HELSEFOND OG PSYKOLOGISK RÅDGIVINGSTENESTE.
OPPLYSNINGER: SE "FØRELESNINGSKATALOGEN" OG "VI BEGYNNER PÅ NHH".

310780
www.akp.no (2024)

# GÅ TIL AKSJON

**D**en 27.jan. blir det uravstemning om studentbyene skal gå til husleiestreik. Husleiestreik er det eneste svaret vi studenter har på den tvers gjennom usosiale boligpolitikken som har tvunget boligstiftelsen til husleier som burde få enhver til å steile. Aksjonene bør nå bli landsomfattende, og vi bør ta i bruk vårt mest effektive kampmiddel – full stans i innbetalingene!

- Borteboerstipendet dekker nå bare ca.2/3 av husleien.
- De nye avdragsvilkårene i Husbanken er ansvarlig for bortimot 50% av leieøkningen, og dette skjer etter flere år med lignende tilstramminger.

Kravene må derfor være:
-Nye regler for renter og avdrag i Husbanken, med spesielt gunstige ordninger for student- og elevbosteder.
-Borteboerstipendet økes til kr.6500 f.o.m.1/1-82.

Høyresiden vil sikkert bare gå inn for begrenset betalingsstopp. Dette er en kampform som er langt mindre effektiv enn full stans – den gjør det lett for staten å la aksjonene trekke i langdrag uten at den blir tvunget til å gjøre noe.

BKSF vil også påstå at aksjoner bare rammer oss sjøl fordi den rammer Samskipnaden. Her snus ansvaret fullstendig på hodet. Den som undergraver samskipnaden er jo nettopp Høyre-regjeringen som direkte rammer Samskipnadenes økonomi ved å stramme inn på lånevilkår og ødelegge studentøkonomien slik at vi ikke har råd til å bruke SiBs tjenester. Derfor har studenter felles interesser med SiB og de ansatte i å sette hardt mot hardt og presse regjeringen til innrømmelser.

DERFOR: FULL STØTTE TIL HUSLEIE-AKSJONENE,
Også studentene som ikke bor på studentbyene bør støtte og ta del i aksjonene!

# NSU under lupa

**I** StudVest har det i haustgått føre seg ein debatt om NSU. Den har vore viktig og naudsynt. Opphavet er det påtrengande faktum at organisasjonen fungerer byråkratisk – lite mobiliserande, og er langt frå den reidskapen vi studentar treng for å fremje interessene våre. Det er synd å seie at organisasjonen som har leia NSU fram til no har vore ein drivkraft i denne diskusjonen. Når NKS har kritisert SosFront-leiinga for byråkratisme har svaret vore ei blanding av m-l-hets og den kjende visa om at studentane er daude og giddalause.
Når ein no skal finne løysinger på NSUs problem lyt vi difor se opp for nye variantar av gamle, byråkratiske løysinger. Hovudproblemet er at NSU ikkje er ein organisasjon, og manglar såleis også medlemsorgan der medlemmane kan organisere seg. Lokale medlemsorgan må difor vere første steg. Dernest må organisasjonen vere uavhengig. Dei lokale organa som fagutval,stud.utval osb. er underlagt Universitetslova. Valregler,samansetjing osb. kan gjerast om ved endring i lova. Det same gjeld i tilhøvet mellom Stud.Tinget og Samskipnadslova. Ei formell kobling mellom slike organ og interesseorganisasjonen vil difor lett kunne bli til ei knebling! Det er difor ikkje rart at Staten si linje i heile 70-åra har vore å nekte å godkjenne uavhengige interesseorganisasjonar på dei høgre lærestadane, og i staden oppretta organ knytte til styringsorgana på lærestadane.
Ei anna sak er det om det med utgangspunkt i eit lokalt NSU-organ er eit samspel mellom leiinga for NSU-gruppen og fagutval/stud.utval. På den måten vil studentane sin interesseorganisasjon kontrollere og leide det lokale interessearbeidet, og ikkje omvendt.

Framgangen til Radikal Felles Front i haust viser at det er grunnlag for ny aktivitet på grunnplanet. Vi vil difor oppmode alle om å ta del i NSU-vala, og krevje av sine delegatar at dei 1: Går inn for ei NSU-leiing der ikkje ein gruppering sit med fleirtalet, og 2: Arbeider for å få oppretta lokale medlemsorgan i NSU.




NKS ARRANGERER STUDIESIRKEL I MARXISME
PÅMELDING: NKS BOKDISK PÅ SENTERET, ONSD. 11-14
ELLER: NKS, BOX 50, 5014 BG.-UNIV.


ENESTE I EUROPA!




TILBUD TIL NYE ABONNENTER:
KLASSEKAMPEN HVER DAG I ET KVARTAL, KR. 160
JEG ØNSKER Å ABONNERE PÅ KLASSEKAMPEN!
BRUK STORE BOKSTAVER
NAVN:
GATE/VEG:
POSTNR.:
STED:
KLIPP UT OG SEND TIL:
KLASSEKAMPEN
BOKS 83
BRYN
OSLO 6